



Meganite™

Produsent:

KULA European office

Schmiedestrasse 8,

28870 Ottersberg, Germany

www.meganite.com

Produkt beskrivelse

Meganite™ er eit porefritt material produsert med ein blanding av polyester eller acryl og eit naturleg mineral som heiter Aluminiumtrihydrat (ATH).

Dette gir eit material med ei natursteinliknande utsjånad, men som kan bearbeidast på same måte som tre.

Meganite™ fargar og retningslinjer for valg av poleringsgrad

Meganite overflater vert brukt til ei rekke ulike produkt. Det er viktig at ein vel riktig farge og poleringsgrad i forhold til kva bruksområde produktet er tenkt til.

Dei mest populære overflate strukturan er matt, silkematt og høgglans. Den matte overflata er lett å vedlikehalda og har ingen glans. Ei silkematt overflate får ein ved å pussa produktet på fabrikkjen eller under montering ved å bruka finare korning på sandpapiret og grå/kvit Scotch-Brite pad. Denne overflata er og lett å vedlikehalda og har låg til middels glans. Høgglans får ein ved å polera overflata med voks etter pussing. Resultatet blir ei blank overflate med ein unik fargedybde. Det er ikkje tilrådd å bruka svart farge med høgglans i området med stor trafikk og hard bruk som t.d resepsjonar, bardiskar eller serveringssoner.

Lyse fargar vil i mindre grad enn mørke fargar visa teikn på slitasje frå dagleg bruk. Dette gjeld uavhengig av om ein vel matt, silkematt eller høgglans struktur i overflata. Ei lys/grå/kvit overflate kan halda seg fin i årevis utan synlege teikn på slitasje.

Alle mørke fargar bør minimum ha silkematt struktur. Matt struktur på mørke fargar vil kunna framstå som skjoldete der teikn på dagleg slitasje vil vera lett synleg.

Ulike fargar og strukturar krev ulik behandling for å behalda sin elegante utsjånad over tid. Det er tilrådd at kunde bestiller re-polering frå leverandør kvart 4.-5.år for å få fram att den unike glansen og utsjånaden produktet hadde på kjøpstidspunktet.

Vedlikehald av Meganite Surfaces™

Ei ferdigbehandla Meganite overflate vil bli levert i enten matt, silkematt eller høgglans polering. Informasjonen nedanfor skal medverka til å halda produkt i Meganite like fint som på kjøpstidspunkt over tid.

Uavhengig av kva type polering av overflata som var valgt i utgangspunktet, er det ein del grunnleggande steg som må følgjast i vedlikehald av Meganite overflater. Det er to steg for vedlikehald som må følgjast for matt polering, tre for silkematt polering og 4 for høgglans polering. For å få ein høgglans polering krevst det spesialutstyr og det er difor tilrådd det blir etablert ein vedlikhaldsavtale der AARDAL AS gjennomfører dei 4 stega for vedlikehald ein gong pr år. Bransjestandarden for slike overflater tilseier at ei silkematt polering gjev privatforbrukar den beste utsjånaden med minst mogleg vedlikehald.

Hardheiten og ripefastheten i slike material er meir eller mindre lik, uavhengig av type polering. Alt som er hardare enn materialet sjølv kan potensielt laga riper i overflata.

Matt polering – dagleg reinhald og behandling av riper:

Såpe og vatn i kombinasjon med mjuk Nano svamp vil fjerna dei fleste flekkar ved rask reingjering.

For å fjerna vanskelege flekkar, tilrår me å bruka ein grøn Scotch-Brite pad og eit reingjeringsmiddel som inneheld mineralar. Den grønne paden frå Scotch-Brite er ein fleksibel og holdbar handpad til bruk ved grov reingjering. Paden sin åpne konstruksjon gjer den lett å skylja rein. Er særleg godt eigna for grundig reingjering då det er fordelt slipemineralar gjennom heile paden. Det gjev lang levetid med same skureeffekt gjennom heil paden sin brukstid.

For å fjerna riper bør ein byrja å pussa med 240 korna sandpapir og så vaska med eit reingjeringsmiddel som inneheld mineralar og ein grøn Scotch-Brite pad. Avslutt pussing med sandpapir i 400 korning. For henta fram att den opprinnelege poleringa, er det anbefalt å gå over heile den matte overflata med ein tør, grøn Scotch-Brite pad 3-4 gonger i året.

Silkematt polering – dagleg reinhald og behandling av riper:

Såpe og vatn i kombinasjon med mjuk svamp vil fjerna dei fleste flekkar ved rask reingjering.

For å fjerna vanskelege flekkar, tilrår me å bruka ein kvit Scotch-Brite pad og eit reingjeringsmiddel utan mineralar. Den kvite paden frå Scotch Brite er særleg godt eigna for skånsom rengjøring av ømfintlige overflater. Paden er fleksibel og tilpassar seg flata som skal reingjerast. Den er lett å bruka og har ein åpen struktur som gjer den enkel å skyla rein. Er spesielt eigna for rengjøring av ømfintlige overflater som glass, plast, porselen, keramiske fliser, rustfritt stål og krom. Ved rengjøring av større flater oppnåes det et ekstra godt resultat når paden brukes i kombinasjon med 961 Padholder. Den gir bedre trykk uten økt bruk av kraft.

For å fjerna riper bør ein byrja med å pussa med 400 korna sandpapir etterfulgt av 600 korna papir. Gå så over den pussa overflata med Soft Scrub™ og ein kvit Scotch Brite pad.

Høgglans polering – dagleg reinhald og behandling av riper:

Såpe og vatn i kombinasjon med mjuk svamp vil fjerna dei fleste flekkar ved rask reingjering.

For å fjerna vanskelege flekkar tilrår me å bruka ein polish som 3M Perfect-IT og 3M Perfect-IT høgglanspoleringspad (50388 eller 50457). Rist flaska godt og påfør polish på området som skal behandlast. Sett paden mot overflata og jobb med ca 0,5m² av gangen. Desse produkta er utvikla for å bearbeidast før dei tørkar ut. Bruk 3M Perfect-IT poleringsklut (50486) for å fjerna overskytande rubbing og polering.

For å fjerna riper frå ei overflate med høgglans polering bør ein byrja å pussa med 400 korna sandpapir før ein går over til 600 korna sandpapir. Overflata bør så maskinpolerast med våtslip. Start med 500 korning, så 1000 og avslutt med 2000 korning. Det er tilrådd at dette blir gjort av leverandør.

Meganite vaskar:

I sjølve vasken bør ein bruka framgangsmåten for reinhald og fjerning av riper for matt overflate som beskrive over. For å halda fargen over tid, er det anbefalt 1-2 gonger pr år å rensa vasken med flytande bleikemiddel og vatn. Fyll vasken ¼ full med vatn og tilsett 1-2 korkar med bleikemiddel og la det stå i 15 minutt. Tapp så vasken tom og tørk rein.

Råd og tips for dagleg bruk

- Bruk **alltid** underlag under varme kjelar eller installasjonar som genererer varme.
- Bruk alltid skjerefjøl – skjer aldri direkte på solid surface overflate.
- Stå aldri direkte på ei solid surface benkeplate.
- Unngå å bruka sterke kjemikaliar som rensemiddel for avløp eller malingfjerner direkte på ei solid surface overflate.
- For overflater med høgglans polering må det alltid brukast beskyttelse under panner og andre harde objekt. Unngå å dra keramiske koppar, fat, glas eller andre harde gjenstandar over plata då det vil kunna gje synlege riper i overflata.
- For baderom bør ein vera særleg merksam på boksar med barberskum, parfymeflasker o.l. Ein bør ikkje dra slike produkt over vasken då dette kan gje riper i overflata.
- Renn alltid kaldt vatn i vasken viss ein skal tømme kokande vatn i ein Meganite solid surface vask

Kjemikalie toleransar

	Solid		Movement		Mist	
	Rating Reingj.	Rating Flekkar	Rating Reingj.	Ration Flekkar	Rating Reingj.	Rating Flekkar
Destillert vatn	0	IE	0	IE	0	IE
Ethyl Alkohol, 50%	0	IE	0	IE	0	IE
Isopropyl Alkohol, 70%	0	IE	0	IE	0	IE
Naphtha/Ethyl alkohol 50/50	0	IE	0	IE	0	IE
Neglfjerner	0	IE	0	IE	0	IE
Aceton	0	IE	0	IE	0	IE
Husholdnings vaskemiddel	0	IE	0	IE	0	IE
Husholdnings amoniakk	0	IE	0	IE	0	IE
Tomat ketchup	0	IE	0	IE	0	IE
Vegetabilsk olje	0	IE	0	IE	0	IE
Kaffi	0	IE	0	IE	0	IE
Te	0	IE	0	IE	0	IE
Melk	0	IE	0	IE	0	IE
Gul sennep	0	IE	0	IE	0	IE
Destillert eddik	0	IE	0	IE	0	IE
Grape juice	0	IE	0	IE	0	IE
Appelsin/eple juice	0	IE	0	IE	0	IE

	Solid		Movement		Mist	
	Rating Reingj.	Rating Flekkar	Rating Reingj.	Ration Flekkar	Rating Reingj.	Rating Flekkar
10% Povidone iodine	3	IE	1	IE	2	IE
Raud lepestift	1	IE	1	IE	2	IE
Vaskbart blekk (blått)	1	IE	1	IE	2	IE
Rødt kjøtt	1	IE	1	IE	2	IE
Merthiolate	1	IE	1	IE	2	IE
Skokrem (Svart pasta)	3	IE	1	IE	2	IE
Blekk til kulepenn	3	IE	1	IE	3	IE
Blekk til fyllepenn	3	IE	1	IE	2	IE
Blyant	3	IE	1	IE	2	IE
Stempel blekk (lilla)	1	IE	1	IE	2	IE

0 Rating – Flekkar kan fjernast med svamp fukta i vatn

1 Rating – Flekkar kan fjernast med svamp fukta i vatn og vaskemiddel

2 Rating – Flekkar kan fjernast med stiv nylon børste, vaskemiddel og natron

3 Rating – Flekkar kan fjernast med bomull dyppa i aceton

4 Rating – Flekkar kan fjernast med bomull dybba i bleikemiddel

5 Rating – Flekkar som ikkje let seg fjerna med steg 1-4 får rating 5 og krev utvida vedlikehald.

IE = Ingen effekt